


Dokumentnummer

Rapport ad hoc gruppe oppvekst Fusa kommune

05.09.2012



1. BAKGRUNN

1.1 Mandatet

Utvalet skal sjå på korleis kommunen kan driva ein oppvekstsektor i Fusa med god kvalitet innanfor gjeldande økonomiske rammer. Auka vedlikehaldskostnader, jfr. sak som er til politisk handsaming i kommunestyret 9.mai 2012, skal takast omsyn til. Utvalet må også ta omsyn til drift av bygningane.

1.2 Deltakarane

Leiar: Mikal Leigland, SP, Aud May Boge, H, Anne-Grethe Gjerdevik, Ap.

1.3 Arbeidsprosessen

Prosessen vart starta 29.05.12 med informasjonsmøte der rådmann og ordførar orienterte ad hoc-utvala om prosessen. Arbeidet skal vera avslutta og rapport vera ferdig til byrjinga av september. Rapporten skal leggjast fram i budsjettverkstaden til formannskapet 10.september.

1.4 Skisse for arbeidet

12.06.12: Møte i ad hoc-utvalet der ein planla prosessen. Utvalet ønskjer besøk på alle einingane for å samla informasjon og skaffa seg ein oversikt, samtale med einingsleiar og FAU-leiar.

19.06.12: besøk på Eikelandssosen skule/ Jettegryto barnehage, Fusa oppvekstsenter, Strandvik oppvekstsenter.

26.06.12: besøk på Nore Fusa oppvekstsenter, Holdhus oppvekstsenter, Fusa ungdomsskule, Søre Fusa oppvekstsenter.

04.07.12: oppsummeringsmøte og refleksjon etter einingsbesøka.

16.08.12: møte; planlegging av korleis byggja opp rapporten.

21.08.12: skisse sendt ut til ad hoc-medlemmene.

22.08.12: møte i ad hoc-utvalet – vidare arbeid med rapport.

29.08.12: møte i ad hoc-utvalet – vidare arbeid med rapport.

05.09.12: møte i ad hoc-utvalet, ferdigstilling av rapport. Anne-Grethe Gjerdevik hadde sjukdomsforfall på dette møtet.

1.5 Forklaring på omgrep som er brukt i rapporten.

Framandspråklege elevar.

Dette er elevar med anna morsmål enn norsk, desse elevane har rett til særskild norskopplæring til dei kan følgje den vanlege opplæringa i skulen, jfr opplæringslova § 2-8.

Delingstimar.

Basisressursen er rekna ut etter elev- og klassetal, dette dekker ein lærar pr. klasse eller gruppe i alle timar. Delingstimar kjem i tillegg slik at ein kan styrka klassar og gi tilpassa opplæring til elevane. Desse timane vert også fordelte til skulane med utgangspunkt i elevtal. Maks gruppestorleik med to klassar saman er 24 elevar. Maks gruppestorleik med tre klassar saman er 18.

Enkeltvedtak om spesialundervisning.

Elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa, har etter vurdering og tilråding frå PPT, rett til enkeltvedtak om spesialundervisning, jfr opplæringslova §5-1. Før det vert fatta enkeltvedtak, skal skulen gjera ei fagleg vurdering av eleven før PPT vurderer eleven sitt utbytte av opplæringa. Det er PPT som tilrår om eleven har behov for spesialundervisning. Foreldre søkjer på bakgrunn av tilrådinga om ekstra

ressursar til spesialundervisning, skulen fattar vedtak. Dette er eit enkeltvedtak som skal sikra eleven eit forsvarleg utbyte av opplæringa. Eit enkeltvedtak kan vera frå nokre få timar spesialundervisning i veka til full dekning.

Budsjett.

Tenesteområdet sitt budsjett for inneverande år er vel 65 mill.kr. Midlane vert fordelt på einingane etter ein ressursfordelingsmodell.

2. OPPVEKSTSENTRA OG UNGDOMSSKULEN

2.1. Eikelandsosen oppvekstsenter

2.1.1. Delingstimar

Har no organisert skulen som 5-delt; 1.trinn har 10 elevar, 2.trinn har 12 elevar, 3.-4.trinn har 24 elevar, 5.-6.trinn 24 elevar, 7.trinn 20. Bruker delingstimane til deling i basisfaga og i praktisk-estetiske fag.

2.1.2. Framandspråklege elevar

Har 7 framandspråkleg elevar.

2.1.3. Økonomi i høve budsjett

Eikelandsosen skule ligg an til overskriding på budsjettet.

2.1.4. Møgelege innsparingar eller synergieffektar.

Ser ikkje noko innsparing som følgje av at det vert oppretta oppvekstsenter, same jobben skal gjerast i dei same to bygningane som før.

2.1.5. Utfordringar

Eikelandsosen skule har behov for oppgradering av datamaskiner og utstyr for både elevar og tilsette.

2.1.6. Jettegryto barnehage

Barnehagen er full, har tatt inn barn frå Holdhus som ikkje får plass der. Har svært mange små barn, halvparten av barna er 1- og 2 -åringar. Har 6 framandspråklege barn pr. 01.08.12.

2.1.7. Vedlikehaldsbehov.

Skulen:

- manglar universell utforming i administrasjonsfløyen.
- arbeidsrom for lærarane treng oppgraderast til dagens standard.
- garderobe og toalett for personale må oppgraderast.
- oppgradering av garderobane i underetasje.
- utvendig er det rotne dører som må skiftast

Jettegryto:

- manglar kontorplass til pedagogar
- personalrom og kontor ligg i andre høgda, ikkje universell utforming.
- garderobe for personale er trong og kummerleg, her er komne nye krav etter at barnehagen vart bygd, behov for oppgradering.
- manglar vognrom, mange små barn som skal sova, mange søv ute.

- generell slitasje på bygningen, treng maling og vedlikehald.
- takrenner og avløp som gir problem med overflatevatn.

2.1.8. Elevtal og barnetal på Eikelandsosen oppvekstsenter.

Elevtal	Klassetal	Barn i bhg	-av desse 3-5 år	- av desse 0-2 år
89	5-delt	45	23	22

2.2. Fusa oppvekstsenter

2.2.1. Delingstimar

1.trinn har 9 elevar, 2.trinn har 10 elevar, 3.-4.trinn har 18, 5-.6. trinn har 15 og 7.trinn 13 elevar.

Delingstimar vert brukt til å dela i basisfaga der to trinn går saman. Har utvikla ein læreverkstad for alle som ikkje når læringsmål undervegs, alle elevar har vore innom denne verkstaden i løpet av året.

2.2.2. Framandspråklege elevar

Fusa skule har 7 framandspråklege elevar.

2.2.3. Økonomi i høve budsjett

Nytt økonomisystem er eit godt verktøy for god økonomistyring. Reknar med å gå i balanse i 2012.

2.2.4. Mogelege innsparingar eller synergieffektar

Ser ingen synergieffektar av å vera oppvekstsenter. Dersom skule og barnehage var samlokalisert kunne ein kanskje sett noko, men dette vurderer ein som uaktuelt.

2.2.5. Utfordringar

- Fusa oppvekstsenter manglar skulebibliotek.
- nye kutt i budsjett vil kunna gå ut over kvaliteten i opplæringa.

2.2.6. Trollskogen barnehage

- Fullt opp med barn, har hatt venteliste.
- barnehagen er bygd som to basar, men vert driven med tre basar.

2.2.7. Vedlikehaldsbehov.

- oppgradering av den tredje basen i barnehagen, her manglar vindauge og dagslys.
- elevtoalett i skulen må oppgraderast.

2.2.8. Elevtal og barnetal på Fusa oppvekstsenter.

Elevtal	Klassetal	Barn i bhg	-av desse 3-5 år	- av desse 0-2 år
65	4-delt	37	22	15

2.3. Holdhus oppvekstsenter

2.3.1. Delingstimar

1.-2.trinn saman har 14 elevar, 3.trinn 15, 4.-5.trinn saman har 20 elevar, 6.-7.trinn saman har 18 elevar, dette betyr relativt store grupper.

- bruker delingstimar mot basisfaga, utnyttar kompetansen i fådelt skule med 3-delte årsplanar.

2.3.2. Framandspråklege elevar

Har ingen framandspråklege elevar.

2.3.3. Økonomi i høve budsjett

- har hatt budsjettoverskot over fleire år.

- ser ut til å gå i balanse dette året og.

2.3.4. Mogelege innsparingar eller synergieffektar

2.3.5. Utfordringar

- innfri krav om rett kompetanse

- innfri krav om god nok tilpassa opplæring

- lite fagmiljø, utfordring å vera ein lærande organisasjon.

2.3.6. Holdhus barnehage

- heilt fullt, har hatt venteliste siste åra, mange nye søkjarar får tilbod om plass i Jettegryto. Det er dei minste barna som får plass i Jettegryto, dette viser igjen på fordelinga mellom store og små barn i Holdhus barnehage.

2.3.7. Vedlikehald

- behov for å oppgradera arbeidsrom for lærarane.

- gammal bygning som treng oppgradering.

- skulen har blitt pussa opp med maling og rehabilitering, gjort på dugnad av foreldre.

2.3.8. Elevantal og barnetal på Holdhus oppvekstsenter

Elevantal	Klassetal	Barn i bhg	-av desse 3-5 år	- av desse 0-2 år
67	4-delt	30	25	5

2.4. Nore Fusa oppvekstsenter

2.4.1. Delingstimar

1.-2.trinn er 21 elevar, 3.-4.trinn er 21 elevar, 5.-6.trinn er 19 elevar, og 7.trinn 12 elevar. Skulle ønskt fleire delingstimar for å dela gruppene i alle basisfaga. Deler i ku&hand og matematikk på 5.-6.trinn, resten vert brukt til å dela i basisfaga på 1.-4.trinn (ikkje nok til alle).

2.4.2. Framandspråklege elevar

1 framandspråkleg elev.

2.4.3. Økonomi i høve budsjett

Drifta er i tråd med budsjettet, ligg an til å halda budsjett.

2.4.4. Mogelege innsparingar eller synergieffektar

Vil spara nokre driftsutgifter når barnehage og skule vert samlokalisert; renovasjon, dataservert, husleige. Kan ikkje sjå at ein vil spara noko på administrasjon.

2.4.5. utfordringar

- symjeundervisning vart ikkje gjennomført 2011-12, kva med skuleåret 2012-13?
- stort elevantal og store grupper fører til at det er trangt om plassen på skulen
- SFO og 1.kl deler rom, dette gir praktiske utfordringar.

2.4.6. Holmefjord barnehage

Barnehage har pr.dato 32 godkjende plassar, det er to ledige plassar i barnehagen.

2.4.7. Vedlikehald

- mediateket; lekkasje i taket, det regnar inn takvindauge, roteskade i takkonstruksjonen.
- garderobeplass for tilsette i skulen er dårleg, ikkje eige rom, men del av gangen, her er behov for meir plass.
- drikkevatnet treng rensing, må bera vatn til drikkedispensar no.
- foreldra har måla skulen utvendig på dugnad.

2.4.8. Elevtal og barnetal på Nore Fusa oppvekstsenter

Elevtal	Klassetal	Barn i bhg	-av desse 3-5 år	- av desse 0-2 år
73	4-delt	26	20	6

2.5. Strandvik oppvekstsenter

2.5.1. Delingstimar

1.-2.trinn har 12 elevar, 3.-4.trinn har 14 og 5.-7.trinn har 18 elevar. Bruker delingstimar for å prioritera 7.trinn.

2.5.2. Framandspråklege elevar

3 framandspråklege elevar.

2.5.3. Økonomi i høve budsjett

Ser ut til at budsjettet vil gå i balanse.

2.5.4. Mogelege innsparingar eller synergieffektar

Barnehage og SFO samarbeider om personale på slutten av dagen, slik greier ein å gi tilbod om morgonen og ut over ettermiddagen. Ved samlokalisering vil ein truleg ha meir felles personale.

2.5.5. Utfordringar

Barnehageutbygginga vil gje nokre utfordringar på skulen i byggeperioden, når skulen og nybygget skal byggjast saman.

2.5.6. Strandvik barnehage

Utfordringar for barnehagen i dag med lite eigna lokale i grendahuset, spesielt med omsyn til akkustikk i romma og og at ein må ”pakka ned” barnehagen når det skal vera arrangement i grendahuset.

Har ei relativt stabil barnegruppe på ca 20 barn. Har litt ledig kapasitet no.

2.5.7. Vedlikehald

- elevtoalett i kjellaren treng utbetring, spesielt m.o.t. ”etterklang”
- manglar garderober + 1 toalett til tilsette.
- arbeidsplassar for lærarane; liten plass.
- årleg dugnad på uteområdet.

2.5.8. Elevtal og barnetal på Strandvik oppvekstsenter

Elevtal	Klassetal	Barn i bhg	-av desse 3-5 år	- av desse 0-2 år
44	3-delt	19	10	9

2.6. Søre Fusa oppvekstsenter

2.6.1. Delingstimar

1.-2.trinn har 9 elevar, 3.-4.trinn har 14, 6.-7.trinn har 16 og 7.trinn 12. Skulen er i dag 4-delt, dette gir eit visst handlingsrom til å dela elevane i basisfaga.

2.6.2. Framandspråklege elevar

Ingen framandspråklege elevar.

2.6.3. Økonomi i høve budsjett

Oppvekstsenteret ligg an til å få ei budsjettoverskriding.

2.6.4. Mogelege innsparingar eller synergieffektar

2.6.5. Utfordringar

- Skulen vert 3-delt neste skuleår, bekymra for situasjonen då. Større behov for deling og færre delingstimar gir mindre handlingsrom.
- stor bekymring knytt til negativ folketalsutvikling og barnetal i krinsen.
- vanskar med å skaffa kvalifisert personale og vikarar.
- vert små og sårbare, opplever å vera ”utkant, i tillegg opplever dei å missa elevar i begge endar.

2.6.6. Søre Fusa barnehage

- barnehagen er bygd for 30 plassar. Har i dag ledig kapasitet.
- kan bli utfordrande å gi eit barnehagetilbod som foreldra er tent med, ein opplever i dag auka ynskje om utvida opningstid, dette er ekstra utfordrande å få til å gå i hop på ei lita eining.

2.6.7. Vedlikehald

- smått vedlikehald blir forsømt.

2.6.8. Elevtal og barnetal på Søre Fusa oppvekstsenter

Elevtal	Klassetal	Barn i bhg	-av desse 3-5 år	- av desse 0-2 år
51	4-delt	13	7	6

2.7. Fusa ungdomsskule

2.7.1. Delingstimar

Har delingstimar til å dela elevane i grupper og i praktisk-estetiske fag. Ressursfordelingsmodellen i kommunen sikrar dette.

2.7.2. Framandspråklege elevar

3 framandspråklege elevar.

2.7.3. Enkeltvedtak og omfang

Fusa ungdomsskule har skuleåret 2011-12 hatt enkeltvedtak om spesialundervisning for ca 20% av elevane.

2.7.4. Økonomi i høve budsjett

Det blei signalisert at for 2012 ligg det an til overskriding, det vart presisert at dei vil vera i balanse i 2013.

2.7.5. Utfordringar

- Fusa ungdomsskule er alle sin skule og ingen sin skule, dvs ingen som kjempar for denne skulen.
- ungdomsskulen står framfor store utfordringar, skissert i st.meld 22 (ungdomstrinnsmeldinga): Motivasjon – Mestring – Muligheter; Fusa ungdomsskule ligg langt framme på mange område.
- innfører nye rutinar for enkeltvedtak og spesialundervisning, der målet er å redusera volumet av elevar på enkeltvedtak, fleire elevar skal få tilpassa opplæringa innanfor den ordinære undervisninga.

2.7.6. Vedlikehald

- har arbeidsplassar til dei lærarane som er tilsett i dag.
- klasseromma på ungdomsskulen er gamle og slitne, treng oppgradering.
- skulekjøkenet treng rehabilitering.
- ombygging i 2.byggesteget spesialromsbygget, slik at det får universell utforming (dette må på plass til skuleåret 2013-14).
- mellombygget mot gymnastikksalen bør byggjast om.
- viktig å leggja til rette for eit godt arbeidsmiljø for elevane frå dei er 13-16 år – betyr noko for trivsel og læringsmiljø.

2.7.7. Elevtalet på Fusa ungdomsskule

Skuleår	Elevtal	Klassetal
2012-13	137	6
2013-14	167	7
2014-15	184	8
2015-16	185	8

Kommentar:

Vinnes friskule og Vinnes barnehage er ikkje tatt med i denne rapporten, då dei ikkje er ein del av det kommunale budsjettet.

3 OPPSUMMERING

1. Delingstimar

Delingstimane vert hovudsakleg nytta til å dela i basisfaga og i praktisk-estetiske fag. Dei fleste einingsleiarane gir uttrykk for at dei gjerne skulle hatt fleire delingstimar. Ved nokre av skulane har dei stort fokus også på dei fagleg sterke elevane.

2. Framandspråklege elevar – system og ressursar – utfordringar.

Det har siste åra kome ein del framandspråklege elevar til Fusa. Hausten 2012 er det over 20 framandspråklege elevar i Fusaskulen. Størstedelen av denne gruppa går greitt inn i undervisningsopplegg ved skulane. Nokre av elevane har større behov for særskilt norskopplæring, dette er særskilt viktig i starten. Framandspråklege barn i barnehagen må få norskopplæringa si gjennom leik og samspel med norsktalande barn.

3. Enkeltvedtak

Spørsmål omkring enkeltvedtak har vore drøfta i møte med skulane. Tema har vore antal og størrelse på slike vedtak, og eventuelle muligheter for å redusera omfanget. Utvalet ser relativt store variasjonar i skulane i Fusa. Enkelte skular har ingen enkeltvedtak, medan andre har ein høg andel. På Fusa ungdomsskule har t.d. ca 20% av elevane vedtak om spesialundervisning. Skulen har hatt tilsyn på dette temaet i vår, dei er i gong med tiltak og rutineendringar for å redusera denne bruken.

4. Økonomi og budsjett

Dei fleste einingleiarane opplyser at dei ligg an til budsjettbalanse så langt. Ved Eikelandssosen skule, Søre Fusa oppvekstsenter og Fusa ungdomsskule reknar ein med eit meirforbruk. Einingsleiarane opplyser at avvik m.a. skuldast endringar i budsjettåret som ikkje var kjende ved budsjettfordelinga.

5. Innsparingar og synergieffektar

Alle einingane utanom Fusa ungdomsskule er no organiserte som oppvekstsenter. Ved enkelte einingane ser ein ikkje for seg innsparings- eller synergieffektar. Andre nemner innsparingar til IKT, felles avgifter/gebyr, og ei større og meir fleksibel personalgruppe.

6. Utfordringar

Ein ser at utfordringane som er framheva er ulike på einingane.

• Skulebibliotek

Skulebibliotek er eit krav etter opplæringslova.

Søre Fusa oppvekstsenter har fått på plass skulebibliotek, Fusa ungdomsskule har fått midlar gjennom eit prosjekt og er i gong med oppbygging av skulebibliotek. Bokkassar frå folkebiblioteket avhjelper elles situasjonen på dei andre skulane.

• IKT

IKT og operativt datautstyr er ei utfordring for einingane.

• Sømjeopplæring

Ved fleire oppvekstsenter ser ein det som ei stor utfordring at elevane ikkje har fått sømjeopplæring siste skuleår, og truleg heller ikkje vil få det i haust. Det er svært viktig at Fusa symjehall vert gjenopna.

- **Kompetansekrav**

Det er viktig å få tilsett personale med rett kompetanse i stillingane, jfr oppvekstplanen. Nokre av einingane melder om relativt små fagmiljø.

7. Vedlikehald

Vaktmeistertenesta

Fleire av einingsleiarane har gitt uttrykk for bekymring når det gjeld vaktmeistertenesta.

Dei uttrykte frustrasjon over at småting ikkje vart ordna og reparert etter kvart. Nokre av einingane har gitt uttrykk for at dei ønskjer å organisera vaktmeistertenesta sjølv.

4 KONKLUSJONAR

- **IKT**

Det er stor variasjon i kompetanse og utstyr på dei ulike einingane. Det er viktig å utarbeida ein felles standard på området.

- **Felles pedagogisk plattform**

Utvalet opplever stor variasjon i korleis opplæringa blir organisert. Det er mykje kompetanse blant dei som jobbar i oppvekstsektoren i Fusa, kunnskap og erfaringar må delast slik at ein får ei felles læringsplattform i barnehage og skule i kommunen.

- **Økonomisk disiplin**

Det er særst viktig at alle einingane held seg til tildelte budsjett. Ressursfordelingsmodellen må ta opp i seg endringar vi har nemnt i rapporten. Ein bør vurderer å setja av ein felles pott til nye og uføresette behov som kjem til i budsjettåret.

- **Framandspråklege elevar**

Det må utarbeidast felles rutinar og system for norskopplæring for framandspråklege, slik at ein oppfyller krava i opplæringslova § 2-8.

- **Befolkningsutviklinga i Søre Fusa**

Utvalet ser med uro på barnetalet og elevgrunnlaget ved Søre Fusa oppvekstsenter i åra framover. Det er nødvendig med ein handlingsplan for å snu utviklinga, og få folk til å etablere seg i denne fine delen av kommunen vår.

- **Oppvekstsenter og samfunnsutvikling**

Oppvekstsentera er motor for vidare utvikling og vekst av Fusasamfunnet. Gode og veldrivne oppvekstsenter er eit konkurransefortrinn i arbeidet med å få nye innbyggjarar til kommunen.

- **Kommentar til slutt**

Utvalet har inntrykk av at einingsleiarane sette pris på å få besøk og få anledning til å presentere eininga si. Utvalet sit igjen med mange inntrykk som vi har prøvd å synleggjera i denne rapporten.

